

Til kommunedirektør Ulf Pedersen

Fyresdal kommune

Søknad om utviding av Polentur

I kommunestyremøte 19.06.2025 vart det gjort vedtak om at Polenturen for 10. klasse skulle vere på 7 dagar.

Turkomiteen i 8. kl sit no og planlegg, og ser at ein ikkje har moglegheit til å få besøkt konsentrasjonsleirane Sachsenhausen og Ravensbrück innanfor den tida. Desse leirane har stått som viktige leirar for mange norske, og kvinneleiren er spesiell og gir sterke inntrykk for dei besøkande. Det er eit sterkt ynskje å få besøkt ein eller begge leirar, i tillegg til programmet i Krakow og Berlin.

Vedtaket seier spesifikt at turen skal vere 7 dagar, dvs 6 netter.

Vi vil gjerne ha med oss litt meir innhald i turen, og lurar på om det er mogleg for oss å reise på tur med 7 netter, dvs 8 dagar, og framleis få den vedtekne kommunale støtta til turen.

Vi ser fram til positivt svar

Polenturkomiteen for 2027

Trine Skålid, Lene Seland, Karina Nordby

Ingun Momrak-Haugan/kontaktlærer 8. kl